



Prosjektgruppa Nordfjord vassområde 27.06.2017

Tid: tysdag 27. juni 2017 kl. 10.00 – 11.15

Stad: Telefonmøte

Desse deltok i møtet:

Kristian Nave, Selje kommune

Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Staffan Hjohlman, prosjektleiar

3 – 2017 Innkjøp av konsulentteneste: Biologiske undersøkingar i elvar 2017.

Orientering om bakgrunn for innkjøpet og tilbodsinnhenting.

Det var lenge usikkert om vassområdet skulle tinge biologiske undersøkingar. Etter innspel frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og i Hordaland og vassregionane i Hordalane og Rogaland, har Sogn og Fjordane fylkeskommune kome fram til at det er trong for undersking av både begroing (fastvoksande algar) og botndyr i fleire vassdrag i alle 4 vassområda. Jamfør epost frå prosjektleiar til prosjektgruppa 30.-31.05.2017, med eit utkast til prisførespurnad. Det kom ingen tilbakemeldingar frå prosjektgruppa på dette.

Fylkeskommunen gjorde nokre endringar i utkastet og la til vassførekomstar i Indre og Ytre Sogn vassområde. Prisen vart antyda til kr 490 000 for heile prosjektet, som omfatta begroings- og botndyrsundersøking på 4 lokalitetar i Nordfjord vassområde (Vågsøy, Eid, Hornindal og Gloppen), i tillegg til 14 lokalitetar i Sunnfjord og 11 lokalitetar i Indre og Ytre Sogn. Det vart teke atterhald om endringar i tal lokalitetar som skal undersøkast. Fylkeskommunen sendte ut vedlagte tilbodsførespurnad 07.06.2017 til 6 utvalde leverandørar. Tilbodsfristen var 21.06. Det kom inn 2 tilbod:

- Rådgivende biologer AS i Bergen, kr 435 692 eks mva
- Asplan Viak AS på Leikanger, kr 466 830 eks mva

Asplan Viak leverte eit meir gjennomarbeidd tilbod med ein kvalitativt betre plan for arbeidet. Dei la stor vekt på å utgreie påverknad frå landbruk og avløp ved hjelp av kart/GIS m.m. I tilbodsførespurnaden vart dette ikkje tillagt stor vekt, og denne leverandøren fekk høve til å levere eit revidert tilbod der denne utgreiinga vart forenkla. Prisen i revidert tilbod var kr 446 985 eks mva.

Rådgivende biologer fekk på sin side høve til å kome med utfyllande opplysningar om gjennomføring og kompetanse.

Begge tilbydarar oppgav Limnoconsult som underleverandør av begroingsalgeanalysane og Pelagia Nature & Environment AB som underleverandør av botndyrsanalysane. Fylkeskommunen vurderte begge tilbydarar til å vere kvalifiserte til å gjere innsamlinga av materialet i felt. Rådgivende bioloter hadde fordel av lengre erfaring. I tillegg hadde dei lågast pris.

Nordfjord vassområde



Prosjektgruppa uttrykte tillit til at fylkeskommunen ville gjennomføre innkjøpet på ein god måte.

For Nordfjord vassområde sitt vedkomande vil konsulenttenesta bli fullfinansiert av prosjektmidlar, og det vil ikkje bli kravd økonomiske bidrag frå kommunane utover den årlege finansieringa av vassområdet i medhald av prosjektplanen for 2016 – 2021.

Anna:

Det kom fram ønske om at prosjektleiar på bakgrunn av resultat frå overvaking kjem med anbefalingar av tiltak overfor kommunane, slik at sakshandsamarane har ein ekstern fagperson å vise til.

Det kom fram ønske om fortgang i å få på plass felles forskrift om spreidde avløp

09.08.2017

Staffan Hjohlman
ref